

Saksprotokoll 17.09.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Opgåver knytt til tilskotsordningar

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at fylkeskommunen får handlingsrom til sjølv å kunne avgjere korleis oppgåvene som tidlegare har vore ivaretakne gjennom tilskotsordningar skal løysast. Dette føreset sjølv sagt at midlane vert liggande i rammetilskotet til fylkeskommunen. På det vilkåret har vi ikkje innvendingar til at det vert forskriftsfesta at fylkeskommunen forpliktar seg til å følgje opp desse oppgåvene

2. Kompetansekartlegging

Vestland fylkeskommune meiner departementet sitt forslag i høyringsnotatet pkt 5.3 gir eit godt utgangspunkt for kompetansekartlegging. Karriere Vestland har god erfaring med IMDInett si løysning KOMPASS ved karriererettleiinga slik det har vore brukt på Stord asylmottak. Med dei presiseringar som er gitt ser vi ikkje at det er naudsynt å forskriftfeste fleire kompetansekriterier.

3. Permisjon ved fødsel og adopsjon

Vestland fylkeskommune ber departementet vurdere nærmare å innføre tredelt permisjonsordning ved fødsel og adopsjon for foreldre som deltek i introduksjonsprogrammet

4. Vestland fylkeskommune støttar lovforslaget der krav om å oppnå eit minimumskrav i norsk erstattar tidlegare krav om deltaking i et visst tal timer opplæring i norsk. Norskmalet for introduksjonsdeltakarane som går i grunnskulen bør vere knytt til det felles europeiske rammeverket for språk. Fylkeskommunen støttar også forslaget om dei differensierte minimumskrava som er skisserte der kommunane fastset nivået i samråd med deltakarane

5. Kompetansekrav for lærarar

Vestland fylkeskommune støttar forslaget som oppfyller krava for tilsetting etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, uavhengig av trinn. Det oppfyller kravet om relevant fagleg og pedagogisk kompetanse etter integreringslova. Då fleire av lærarane som underviser i norsk etter integreringslova, også underviser i grunnopplæring etter opplæringslova, ser vi det som mest hensiktmessig med like krav. Den særlege kompetansen som trengs for å undervise i norsk etter integreringslova, vil også bli ivaretaken dersom det vert stilt krav om 30 studiepoeng i norsk som andrespråk .Kravet om vidareutdanning bør også sjåast i samanheng med erfaring og ansiennitet innanfor arbeid med minoritetsspråklege.

6. Registrering av opplysningar om karriererettleiing og fråvær

Vestland fylkeskommune støttar forslaget om at vi skal registrere opplysningar om karriererettleiing og fråvær for deltakarar som går fulltid i vidaregåande opplæring som sitt introduksjonsprogram. Registreringa bør gjerast i dei sistema som til ei kvar tid er gjeldande i vidaregåande opplæring. For framtida er dette eit felles nasjonalt system som heiter «Visma in school»

7. Opplysningar om ta gjennomførte timer opplæring i norsk

Vestland fylkeskommune viser til punktet «norskmalet for deltakarar som går i grunnskule» over. Ut frå dette ser ein ikkje behov for at det skal registrerast opplysningar om tal gjennomførte timer i norsk.

8. - Fylkeskommunen ber departementet ytterligere klargjøre praksis for tilrettelegging av norskprøven.

- Fylkeskommunen ber også departementet kartlegge den reelle kompetansen som finnes i skjæringspunktet mellom spesialpedagogikk og andrespråk i fylkeskommunene og fammiljøet forøvrig, og ber departementet vurdere å sette i gang tiltak for å styrke eller utvikle slik fagkompetanse

9. Informasjon på nett må ligge på både nynorsk og bokmål. I nynorsk kommuner skal man etterstrebe at språkopplæring skal skje på nynorsk om elevar vel dette.

